

Fra: Anne-Karin Løken (anne-karin.loken@ks.no)

Sendt: 09.04.2018 14:27:58

Til:

Kopi: Fylke Hordaland

Emne: Innbyding til ordfører-/varaordførarnettverk 14.-15. mai.

Vedlegg: image003.png

Vi ber om at de sender denne innbydinga vidare til ordfører/varaordførar i dykkar kommune/fylkeskommunen.

-
Vi syner til tidlegare informasjon om samlinga, og innbyr dykk med dette til tredje samling i nettverket for ordførarar og varaordførarar i Hordaland.

Tid: Måndag 13. mai kl 13 – tysdag 14. mai kl 13.

Samlinga er lagt i etterkant av eit møte på føremiddagen 14.05. mellom ordførarane i Hordaland og Hordalandsbenken. Det vert sendt eiga innbyding om dette.

Stad: Quality Hotel Edvard Grieg, Sandsli, Bergen.

Kort påmeldingsfrist: fredag 13. april!

Programmet og påmeldingsskjema for samlinga [finn de her.](#)

Føremålet med nettverkssamlinga er som tidlegare å gjere ordførarar og varaordførarar enda tryggare i rollane sine, dele både positive og kanskje negative erfaringar, og stimulere til eit fagleg og sosialt fellesskap på tvers av både kommunar og politiske parti.

Som vanleg er det Petter Steen – tidlegare ordførar i Haugesund, og rettleiar i KS sitt folkevaldprogram - som er prosessleiar for samlinga. I samarbeid med han har vi laga eit opplegg som er basert på tilbakemeldingar frå dykk etter dei tidlegare samlingane vi har hatt. Vi har valt ut fire hovudtema:

- * praktisk møteleiing
- * tilhøve til media
- * ny kommunelov
- * ein sekvens om tilhøvet mellom ordførar og rådmann

Vi vonar de finn programmet interessant, og ser fram til å sjå flest mogleg av dykk på nettverkssamlinga. [Merk påmeldingsfristen!](#)

Bindande påmelding.

Beste helsing

Victor Ebbesvik
Seniorrådgjevar
Senior Advicer

Epost Email: victor.ebbesvik@ks.no

Mobil Cellular: (+47) 91 14 82 73

<http://www.ks.no>



KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities